

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus, møterom føretaksleing
MØTETIDSPUNKT: 25.11.16 kl. 09.00-11.45

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Laura Lill Haavik	Varamedlem

FORFALL FRA STYRET

Solfrid Borge	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Stina Steingilda	Kommunikasjonsrådgivar
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomidirektør

SAKLISTE

Sak 068/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 069/16	Godkjenning av protokoll 27.10.16
Sak 070/16	Administrerende direktør si orientering
Sak 071/16	Rapport frå verksemda
Sak 072/16	Budsjett for Helse Fonna HF 2017
Sak 073/16	Investeringsbudsjett for Helse Fonna HF 2017
Sak 074/16	Årsplan for styret i Helse Fonna 2017

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 075/16	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
------------	---------------------------------	---------

Sak 068/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 069/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 27.10.16**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 27.10.16

Sak 070/16 Administrerende direktør si orientering**1. Rapportering tilsynssaker**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat.

3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerende direktør viste til vedlagt notat.

4. Status bygg Haugesund

Administrerende direktør orienterte om møtet med Helse- og omsorgsdepartementet 16.11.16 i samband med lånesøknad Bygg Haugesund 2020

Administrerende direktør orientert om vidare framdrift i sak om «Forprosjekt

Haugesund». Administrerende direktør planlegg å legge fram forprosjektrapport 28.04.17.

Prosjektdirektør Bygg 2020 Laila Nemeth orienterte m.a. om pågående arbeidsoppgåver i Prosjektet og om modell for kostnadsstyrt prosjektering. Det blei orientert om arbeidet med gevinstrealisering og prosess for val av entreprisemodell.

5. Kvalitetsdagane 2016

Administrerende direktør orienterte kort om Kvalitetsdagane Helse Fonna 21. – 25. november. Styret blei invitert til å delta på kvalitetsdagane 25.11.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 071/16 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Akkumulert er det økonomiske resultatet på 25,9 millionar kroner mot budsjettet overskot på 33,4 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 7,5 millionar kroner.

Prognosen frå førre månad blir opprettheldt på 30 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit negativt avvik på 7,4 millionar kroner.

Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig positivt avvik på 2,5 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 2,1 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit positivt avvik på 5,9 millionar kroner. Pr oktober månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 76,2 millionar kroner. Det utgjer 73 % av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 440,6 millionar kroner, noko som er ei forverring på 74,6 millionar kroner i forhold til førre månad.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng, sjukehusopphald, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar er noko lågare enn plan.

Ventetid/fristbrot

Det var 26 ventande pasientar som hadde fristbrot (0 prosent), alle innan somatikken.

Ventetida for alle behandla pasientar har gått ned og er på 55 dagar, godt innanfor målkravet.

I somatikken var ventetida i snitt 57 dagar. I styringsdokumentet for 2015 har eigar kravd at ventetida innan vaksenpsykiatrien skal vere under 45 dagar, innan barne- og ungdomspsykiatrien under 40 dagar og innan rusfeltet under 40 dagar. Føretaket nærmar seg kravet innan BUP-feltet (41 dagar) og er innanfor kravet i vaksenpsykiatrien og rusfeltet

Epikrisetid

Om lag tre av fire epikriser blei sendt innan fristen.

Korridorpatientar

Talet på korridorpatientar (døgn) er det lågaste på eitt år. Administrerande direktør la fram tiltak for å unngå korridorpatientar for styret i Helse Fonna i sak 59/16 og har i møteplassar med leiarar og medarbeidarar hatt fokus på tiltaka.

Det var i perioden 192 liggedøgn for utskrivningsklare pasientar i føretaket.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. Innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i oktober var 7,4 prosent.

HMS

I oktober 2016 blei det meldt 359 sakar til forbetringssystemet Synergi. pr. oktober er 41,4 % av sakene pasientretta og 10,2 % HMS/tilsettskader.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 072/16 Budsjett for Helse Fonna HF 2017

Oppsummering

Tildeling av førebels rammer frå Helse Vest RHF er lagt til grunn for budsjett for 2017 for Helse Fonna HF. Budsjettet for 2017 blir fremja med eit positivt resultat på 40 millionar kroner. Budsjettprosessen starta medio juni og føretaket har lagt opp prosessen etter budsjettkalender frå Helse Vest RHF.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av budsjettet:

- Helseføretaka skal nytte rammebudsjettering som metode for 2017
- Budsjettet skal byggja på inntektsføresetnader og resultatkrav gitt av eigar
- Rammene skal være budsjettert til lågaste organisasjonsnivå i føretaket

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 15.11.16 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 16.11.16. Tiltak som krev endringsprosessar vil bli drøfta og gjennomført i tråd med retningsliner for dette. Arbeidsmiljø, kvalitet og pasienttryggleik vil bli omsyntatt i det vidare arbeidet. Administrerande direktør planlegg å gjennomføre tiltaka utan at fast tilsette mister jobben.

Helse Vest RHF handsama foreløpig inntektsramme og resultatkrav i styremøte den 20.06.16 i sak 074/16. Helse Fonna HF har basert budsjettarbeidet på desse føringane og korrigert for signal om endelege premissar frå Helse Vest RHF gitt medio november 2016. Styret i Helse Vest RHF skal

7.12.16 handsame sak om endelig inntektsfordeling og resultatkrav 2017 for føretaksgruppa basert på statsbudsjett for 2017.

Økonomidirektør Jan Håvard Frøyland la fram og svarte ut spørsmål om «Budsjett Helse Fonna HF 2017» for styret.

Administrerende direktør understreka at Budsjett 2017 er eit stramt budsjett. Det kom 24.11.16 melding frå RHF at ramma for budsjettet er auka med 18 millionar kroner. Det er ikkje innarbeida i det framlagte budsjettet. Det blei orientert om gjennomført budsjettprosess i samarbeid med dei tillitsvalde. Det blei referert til protokoll frå AMU og frå drøfting med tillitsvalde.

Styret drøfta mulige konsekvensar av det framlagte budsjettet.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2017
2. Administrerende direktør får fullmakt til å gjere endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret i Helse Fonna HF gir administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar/endingar innanfor ramma av det vedtekne budsjettet
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2016

Sak 073/16 Investeringsbudsjett for Helse Fonna HF 2017

Oppsummering

Helse Fonna investerer årleg i bygg, tekniske anlegg, medisinsk teknisk utstyr, IKT, køyretøy og anna utstyr. Midlane til investeringar skal sikre at bygg og tekniske anlegg i føretaket er forsvarlege og i tråd med myndigheitskrav og at føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr som sikrar god pasientbehandling.

Som følge av redusert prognose for 2016 foreslo administrerende direktør å redusere investeringsnivået til totalt 140 millionar kroner i 2017 for å behalde likviditet og investeringsevne.

Økonomidirektør Jan Håvard Frøyland la fram «Investeringsbudsjett Helse Fonna HF 2017»

Vedtak [samrøystes]

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2017
2. Administrerende direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

Sak 074/16 Årsplan for styret i Helse Fonna 2017

Oppsummering

«Møteplan for styret i Helse Fonna HF 2017» blei vedteke i styremøtet 23.09.16 sak 51/16

I denne styresaka legg ein årsplan 2017 med oversikt over planlagde styresaker 2017 fram for styret. Temasaker i 2017 vil ta utgangspunkt i styringsdokumentet som blir gitt helseføretaka i føretaksmøte mars 2017.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek årsplan for 2017

Sak 075/16 Eventuelt

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2016
2. E-post om «Rapport Stord»
3. Protokoll frå Årsplan styremøte i Helse Vest RHF 07.09.16

Skriv og meldingar blei tatt til etterretning

Ref. Ingebjørg Kismul
25.11.16

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Sett: Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Sett: Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem